



Litlebergen Båtsenter AS
Lillebergen
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1260 - 18/4792

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
06.03.2018

GBNR 26/31 - Tilbygg til båtverkstad på Litlebergen

Meland kommune viser til skriv dagsett 22.2.2018 der Fylkesmannen i Hordaland stadfesta kommunen sitt vedtak av 12.9.2017, *Søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense, endra plassering av båtverkstad på Litlebergen gbnr 26/31, sak 82/2017.*

At tiltakshavar saman med plankonsulent hadde oppstartsmøte med Meland kommune 14.1.2018 om planendring av reguleringsplanen for Litlebergen gjer at kommunen finn grunnlag for å avvente pålegg om tilbakeføring etter Pbl Kap. 32 av tilbygg til båtverkstaden på gbnr 26/31.

Status i byggesaka er at oppført tilbygg ikkje har ferdigattest, og ikkje kan takast i bruk. Administrasjonen ser heller ikkje at vilkår for å kunne søkje om mellombelsbruksløyve er tilstade i saka, då mellom anna naudsynt samtykke frå Arbeidstilsynet ikkje føreligg, jf. Pbl. § 21-10, tredje ledd.

Meland kommune ber tiltakshavar om bekreftelse snarast og seinast innan **onsdag 21.3.2018** på at omsøkt tilbygg ikkje er teken i bruk. Og viser vidare til at tiltaket ikkje kan takast i bruk før ferdigattest eller mellombelsbruksløyve vert gitt, jf. Pbl § 21-10.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Stadfesting - Byggesak - Meland - Gnr 26 Bnr 31 - Litlebergen - Endra plassering av båtverkstad

Mottakere:

Litlebergen Båtsenter AS
Ulriksen Consulting AS

Lillebergen
Postboks 60
Nordstrand

5918
1112

FREKHAUG
OSLO